Førsteblad

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Emnenr. 10 Fylke: Rogaland

Tilleggsspørsmålnr. Herad: Hetland

Emne: Lynging og mosing Bygdelag: Riska sokn.

Oppskr. av: Andreas Ropeid Gard:

(adresse): G.nr. Br.nr.

A. Merk av om oppskrifta er etter eiga røynsle.

B. Eller om den er etter andre heimelsmenn: (ta også med alder, heimstad, yrke):

Erling Skjörestad, f. 1896 på Skjörestad og bonde der.

SVAR

I A

1. Dei samlar ikkje lyng i Riskabygda nå. Det vart slutt ~~sin~~ i 1920-åra. I eldre tid var lynginga årviss, men seinare vart ~~det~~ lyngen nytta som naudfôr i turrår. I 1920-åra var det fleire slike turrår, og då tok dei mykje lyng.

2. Dei tok lyngen i februar-mars. Det heiter å slå lyng ~~ell~~ og lyngslått.

3. Dei slo lyngen med vanleg langorvljå eller med ein lyngljå. Den var stuttare, breiare og tjukkare og sterkare enn ein vanleg ljå. Brennelyng reiv dei med hendene.

4. Det var mannfolk-arbeid

5. Dei kunne ta lyngen 4-5 kvart år. Slik lyng kalla dei ådelyng.

6. Dei kjörte lyngen heim på drogslede.

7. Han låg i löa. Dei kjörte heim eit lass; ~~og~~

14037

dette tok omlag 1 skpd. og varte ei vikes tid.

8. Det var mjölkekyrne som fekk lyngen. ~~Dei fekk den som~~ Den vart hakka i skjærkista eller hakkmaskin og blanda med halmhakk, omlag helvta av kvart.

9. Dei rekna lyngen som svært godt fôr. Den gav feitare mjölk, finare flöyte og gult, fint smör

B.

1. Før var det svært mykje lyng i sommarbeite. Då var det ikkje vanleg å la kyrne gå ute om vinteren, men det var ein del som dreiv med det ~~sva~~ i 1920-åra. Det var serleg gardar der det var lun, god beitemark.

II.

Ukjent.

14037